



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200900499-13/146/HGJE

Dykkar ref.:
200903127-/BRS

Bergen, 01. oktober 2009

Høyringsuttale – framlegg om endring i fagskuleloven § 5

Vi viser til Kunnskapsdepartementet sitt framlegg om endring i fagskuleloven § 5, dagsett 26.06.2009. Høyringsuttale frå Hordaland fylkeskommune har vore handsama i Hordaland fagskulestyre, Opplærings- og helseutvalet og Fylkesutvalet. Følgjande vart vedteke i Fylkesutvalet:

Fylkesutvalet 23.09.09

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader til framlegget om endring i fagskulelova § 5.

Særutskrift frå sakshandsaming i dei ulike utvala samt saksframlegg ligg ved.


Svein-Erik Fjeld


Inger Øvsthus Tønder

Vedlegg: 1

Fylkesutvalet 23.09.09

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

VEDTAK

Hordaland fylkeskommune har ingen merknader til framlegget om endring i fagskulelova § 5.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 24. september 2009

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen



Arkivsak 200900499-9
Arkivnr. 146
Saksh. Gjesdal, Hanna

Saksgang	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	03.09.2009
Opplærings- og helseutvalet	21.09.2009 - 22.09.2009
Fylkesutvalet	23.09.2009

HØYRINGSUTTALE - FRAMLEGG OM ENDRING I FAGSKULELOVA

SAMANDRAG

Kunnskapsdepartementet har sendt ut på høyring framlegg om endring i fagskulelova § 5 vedr. innhaldet i utdanninga og dokumentasjon. Endringane skal forankre eit framtidig nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for fagskuleutdanningane. Høyringsfristen er sett til 26. oktober 2009

FORSLAG TIL INNSTILLING

Hordaland fylkeskommune har ingen merknadar til framlegget om endring i fagskulelova §5

Paul M. Nilsen

Svein-Erik Fjeld

Vedlegg: Høring om forslag om endring i fagskuleloven

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2009/horing--forslag-om-endringer-i-fagskulel.html?id=570408>

FYLKESRÅDMANNEN, 20.08.2009:

I november 2008 la ei arbeidsgruppe fram ei tilråding til Kunnskapsdepartementet vedr. fagskuleutdanningane sitt forhold til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket (EQF) og nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NQF). Arbeidsgruppa tilrådde at eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk vert innført for alle nye fagskuleutdanningar.

Kunnskapsdepartementet har identifisert trong for fire forskriftsheimlar for å kunne forankre eit kvalifikasjonsrammeverk for fagskuleutdanningane i fagskulelova. Dette gjeld:

- eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk
- fritak for, eller innpassing av, annan likeverdig utdanning og kompetanse
- fagskulepoeng
- felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømming av oppgåve eller anna vurdering

Forslag til endringar i fagskuleloven

§5 tredje til sjetten ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om et nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

Departementet kan gi forskrift om fritak for, eller innpassing av, annen likeverdig utdanning og kompetanse.

Departementet kan gi forskrift omfagskolepoeng som beskrivelse for normert studietid.

Departementet kan gi forskrift om felles vurderingsuttrykk ved eksamen, prøve, bedømmelse av oppgave eller annen vurdering.

Fylkesrådmannen er positiv til Kunnskapsdepartementet sitt arbeid med å innføre eit nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for fagskuleutdanninga i Noreg, og har ingen merknadar til departementet sitt framlegg til endringar i fagskulelova.